



## Prosjektmandat

| Prosjektnr                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Namn                                         | Saknr    |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------|----------|
| (økonomi)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Forstudie regionalt kulturhus med badeanlegg | (websak) |
| <b>Prosjektfase</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                              |          |
| <b>Organisering</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                              |          |
| <b>Oppdragsgjevar:</b><br>Lindås kommune, formannskapet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                              |          |
| <b>Adm. styringsgruppe:</b><br>Rådmannsgruppa<br>Prosjektansvarleg: Assisterande rådmann Hogne Haugsdal                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                              |          |
| <b>Prosjektgruppe:</b><br>Kultursjef Øyvind Stang (prosjektleder), biblioteksjef Marit- Gro Berge.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                              |          |
| <b>Referansegruppe:</b><br>Leiar i Kulturrådet, leiar i Idrettsrådet, kulturavd. hjå Fylkeskommunen, kultur avd. Meland kommune, kultur avd. Radøy kommune, rektor kulturskolen, dagleg leiar frivilligsentralen, kulturkonsulent, fagleiar idrett og grønt, ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.<br>Deltakarane i referansegruppa kan verta innkalla som samla gruppe, mindre grupper eller som einskildpersonar.                                                                                                                                                                           |                                              |          |
| <b>Bakgrunn og forankring</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                              |          |
| <b>Forankring i gjeldende planar og avtaler:</b><br><b>Kommuneplan:</b> « Planleggja og byggja kulturhus i Knarvik»<br><b>Kulturplan:</b> « Planleggja og realisere eit kulturhus sentralt plassert i Knarvik, i nær dialog med lag og organisasjonar.»<br><b>Idrettsplan:</b> « Forstudie kulturhus med badeanlegg, kr. 200 000.-, 2017»<br><b>Økonomiplan 2017–2020:</b> «Forstudie kulturhus med badeanlegg, kr. 200 000.-, 2017»<br><b>Intensjonsavtale:</b> «Den nye kommunen vil arbeida for å realisera eit felles regionalt kulturhus<br><b>Fylkeskommunen:</b> Budsjett 2016 «Planmidlar kulturhus Nordhordland 0,1» |                                              |          |
| I økonomiplanen 2016 - 2019 vart rådmannen bedt av kommunestyret om «å gjennomføre ein behovskartlegging av bygging av eit regionalt kulturhus». Det vart utarbeidd ein rapport/ kunnskapsgrunnlag, i lag med Telemarksforsking som vart presentert for formannskapet. Prosjektet vil byggje på denne rapporten.                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                              |          |

**Resultatmål:**

Utforme eit dokument som kan gi politisk leiing eit godt grunnlag for å ta stilling til korleis ein kan leggje opp den vidare prosessen med å «planleggja og byggja eit kulturhus i Knarvik», jamfør tiltak i kommuneplanen. Forstudie skal greie ut følgjande:

- a) Overordna rom- og funksjonsprogram i to hovuddelar
  - 1) Regionalt kulturhus med bl.a. bibliotek, kulturverkstader/ kulturskule, kultursalar og kino.
  - 2) Badeanlegg.
- b) Krav til bygningsvolum, tomteareal og utandørs logistikk. Alternativ lokalisering av funksjonane både alt samla på ein stad og "delt løysing". Kriterium for lokalisering.
- c) Kartlegging av moglege sambruks- og samarbeidspartar for bygg og drift.
- d) Grovt kostnadsoverslag på forstudienivå. Meirverdiavgift: Bygg og driftsmodellar som sikrar størst mogleg refusjon av mva.
- e) Alternative modellar for eigarskap og alternative modellar for gjennomføring av prosjektering og bygging (entreprisemodellar). Alternative driftsmodellar.
- f) Tilråding for vegen vidare mot realisering.

**Effektmål:**

1. På sikt bidra til at regionen får «eit markant samlingshus som styrkjer identiteten og skapar liv i regionen» (Sitat henta frå rapport frå Telemarksforsking)
2. På sikt bidra til at alle innbyggjarar, både ung å gamal kan symje og vere i aktivitet i eit basseng og slik betre folkehelsa i kommunen.

**Rammer**

| <i>Økonomi/finansiering</i>            | <i>Beløp i kr</i> |
|----------------------------------------|-------------------|
| Inntekter:                             |                   |
| Tilskot frå fylkeskommunen             | 100 000           |
| Midlar avsett i økonomiplanen for 2017 | 200 000           |
| Utgiftar:                              |                   |
| Ramme for honorar rådgjevar/ konsulent | 300 000           |

**Avgrensingar**

Innanfor den definerte tidsramma skal prosjektet levere ein rapport til formannskapet.

**Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)**

Det er vanskeleg å estimere omfanget på arbeidet rådgjevar/konsulent skal gjere. Det kan vere nødvendig å justere kostnadsramma og tidsramma for å få ferdigstilt prosjektet. Ved oppstart vil det bli utarbeidet ein detaljert framdriftsplan. Det kan da bli foreslått justeringar av tidsramma.

**Framdrift**

Veke 8: Prosjektmandat vert godkjend

Veke 8: Tildeling og avtale med rådgjevar

Veke 9: Oppstartmøte: Gjennomgang av aktuelle plandokument og tidlegare utgreiingar. Planlegging detaljert framdrift. Disposisjon for rapport.

Veke 11-13: Konsentrert prosjektperiode i regionen med dialog med sentrale brukargrupper og aktuelle samarbeidspartar for realisering. Mogleg studietur.

Veke 15: Versjon 1 av forstudie ferdig til gjennomgang i prosjektgruppa  
12.05.: Ferdig forstudie vert overlevert.  
23.05: Forstudiet vert presentert på budsjettsamlinga til formannskapet  
24.05: Evaluering, avslutning og kakefest for prosjektgruppa

## Endringsoversyn

| Versjon | Dato       | Skildring av endring | Utført av    |
|---------|------------|----------------------|--------------|
| 1       | 25.01.2017 | Dokument etablert    | Øyvind Stang |
| 2       | 14.02.2017 | Dokumentet justert   | Øyvind Stang |